

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 14/2018, 19.10.2018

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

HVO SKAL VURDERE STØTTEORDNINGAR FOR LITTERATUR

Ei tverrfaglege forskargruppe ved Høgskulen i Volda har fått i oppdrag frå Noregs kulturråd å greie ut tilskotsordningane for litteratur, med prosjektnamnet «Litteraturutredningen 2019». Føremålet med utgreiinga er å bringe fram kunnskap om korleis støtteordningane for litteratur fungerer, korleis dei virkar innanfor det litterære kretsløpet og korleis dei bidreg til å nå litteraturpolitiske mål. Prosjektet vart lyst ut med ei ramme på 2 millionar kroner og skal vere ferdig innan 1. desember 2019. Prosjektleiingar er professor Paul Bjerke og førstelektor Lars Julius Halvorsen. Dei andre medlemmene av prosjektgruppa er Bjarne Riiser Gundersen (AMF), Anemari Neple (AHL) og Bente Gunn Lien (biblioteket). Post.doc. Synnøve Lindtner (UiB) er også tilknytt prosjektet. Andre ressurspersonar i fagmiljøa rundt Institutt for språk og litteratur (AHL) og på AMF bidreg også. Les meir om Kulturrådets utlysing av utgreiinga: <https://www.kulturradet.no/fou/vis-artikkel/-/gjennomgang-av-litteraturordningene-i-kulturfondet-lyses-ut>

NYBYGGET: TILRÅDING CA 1. NOVEMBER

Anbudsprosessen med Sivert Aarflot-prosjektet (nytt mediehus) er inne i ein hektisk fase der dei fire innkomne tilboda har blitt vurderte av Høgskulen i Volda og av Statsbygg. Slik det ser ut no vil vurderinga av kva tilbod som bør velgjast bli offentleggjort ca 1. november 2018. Deretter skal heile prosjektet leggast fram for høgskulestyret for godkjenning på styremøtet 6. desember og går så vidare til regjeringa for endeleg avgjerd gjennom regjeringsnotat. Byggestart blir på seinvåren 2019.

BYGGESTART FOR NYE STUDENTHEIMAR

Gravinga på dei nye studentheimane på Heltne har starta og vil stå ferdig i løpet av desember 2019. Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) har starta med ei grundig tilstandsvurdering av studentblokkene på Porse og Heltne med tanke på ei omfattande rehabilitering/ oppgradering. Det skal i så fall skje etter at dei nye hyblane står ferdig i desember 2019. Dei fem studentblokkene vart bygde på 1970-talet. <http://www.nerrett.no/artikler/na-begynner-gravingen>

STYRESEMINAR 22. OKTOBER

Det årlege styreseminaret blir halde måndag 22.oktober på Hotell Ivar Aasen i Ørsta. Det er ca 40 påmelde frå høgskuleleiinga, høgskulestyret og tillitsvalde. Forskningsinstituttet NIFU deltek også i samband med presentasjon og diskusjon omkring rapport om HVOs studieportefølje.

STYREMØTE 23. OKTOBER

Høgskulestyret har styremøte tysdag 23. oktober på Høgskulen i Volda. På saklista står blant anna tilsetjing av vikar for høgskuledirektør og utlysing av tre dekanstillinger. Her finn du sakspapira til styremøtet:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/252161>

SYNLEG PROV PÅ AT HØGSKULEN HAR VORTE MILJØFYRTÅRN

Høgskulen i Volda har fått godkjenning som Miljøfyrtårn av Volda kommune. Det synlege provet på denne statusen vart overrekt høgskulen av ordførar Jørgen Amdam.

<https://www.hivolda.no/hivolda/fekk-overrekt-miljofyrtarn-diplom>

MANGE SØKNADER FRÅ HVO TIL UH NETT VEST

Søknadsfristen for forskningsmidlar frå UH Nett Vest har gått ut, og UH Nett Vest har publisert ei liste over i alt 28 innkomne søknader. Tilsette ved HVO står som prosjektleiarar for 3 søknader og er med på 9 andre søknader. Les meir på UH Nett Vest sine nettsider: <http://uhnnettvest.no/mange-vil-ha-forskningsmidler/>

STUDENTNYTT:

FRIST FOR PENSUMLISTER 1. NOVEMBER 2018

Det nærmar seg innleveringsfrist for pensumlistar for vårsemesteret 2019. Fristen er som i fjor 1. november. Det er høve til å lage pensumlistene i det digitale pensumlistesystemet Leganto, som er integrert i Canvas og som viser utlånsstatus i biblioteket og har lenker til elektroniske ressursar. Biblioteket kan tilby opplæring – både kontorbesøk og verkstader. Får du problem eller treng hjelp med å kome i gang, er det berre å ta kontakt med leganto@hivolda.no. Frå hausten 2019 skal alle pensumlistar lagast i Leganto. MERK: Pensumlistar laga i Leganto vert kontrollerte av bibliotektilsette. Avhengig av pågang og kapasitet kan det difor ta litt tid før lista vert godkjent og publisert. Våren 2019 er det innleveringsfrist for pensumlistar 15. mai for pensumlistar til haustsemesteret 2019.

STUDIEBAROMETERET STARTAR 23. OKTOBER

Den årlige kvalitetsundersøkinga Studiebarometeret blir som vanleg gjennomført i oktober/november, og frå 23. oktober kan studentane svare på spørsmåla i undersøkinga. Høgskulen i Volda kjem til å rekruttere og motivere studentane på 2. året på bachelor og master til å delta i undersøkinga på same måte som dei siste tre åra. <http://www.studiebarometeret.no/nn/>

OVER 100 INTERNASJONALE STUDENTAR VED HVO

Haustsemesteret 2018 kom det over 100 nye internasjonale studentar til HVO. Dei fordeler seg med 76 nye innreisande utvekslingsstudentar, 21 studentar på Norsk for internasjonale studentar (NIS) og 6 nye internasjonale studentar til Master in Media Practices. Totalt er det nær 250 studentar ved HVO som har eit anna statsborgarskap enn norsk. Internasjonalt kontor gjennomfører ei studentevaluering kvart semester for innreisande utvekslingsstudentar. Av denne går det fram at ca 90 prosent av studentane er nøgde eller svært nøgde med opphaldet i Volda, og 90 prosent vil tilrå Volda som studiestad overfor andre studentar.

MANGE HVO-STUDENTAR I UTLANDET

Internasjonalt kontor melder at i haust er 48 HVO-studentar på utveksling ved eit av våre utanlandske partneruniversitet. I haust er USA (10) er den mest populære destinasjonen, men HVO-studentar utvekslar også til Japan (8), Storbritannia (7), Hellas (4), Australia (3), Belgia (3), Chile (2) og Sør-Korea (2), Danmark (2). Hausten 2018 er det også heile 35 studentar frå Bachelor i sosialt arbeid som har praksis i India, Kenya, Tanzania, Hellas, Irland eller Danmark. For vårsemesteret 2019 har 40 studentar søkt om utveksling. Blant anna er det ei gledelig auke i interessa for utveksling blant lærarstudentar.

NYE AVTALAR MED UTANLANDSKE UNIVERSITET

Internasjonalt kontor har nyleg signert avtalar om studentutveksling med følgjande universitet i utlandet:

- Pontifica Universidad Catolica de Valparaiso, Chile (gjeld alle fagområde, men mest relevant for språk/kulturstudie i Chile)
- University of Szczecin, Polen (gjeld NIS, språk/litteratur)

I tillegg vil fleire andre avtalar kome på plass seinare.

VERSDAGEN FOR PSYKISK HELSE VART MARKERT 10. OKTOBER

Verdsdagen for psykisk helse vart markert på mange vis ved Høgskulen i Volda. Sjå video og nettsaker:

Nettsidene: <https://www.hivolda.no/nyheter/bra-jeg-har-hjulpet-sa-mange>

Peikestokken/Knaggen: <http://knaggen.no/peikestokken/blakk-egen-helse/>

Nærnett: <http://www.nernett.no/artikler/nyhende/krever-egen-studentpsykolog-ved-hogskulen>

Video: https://youtu.be/h_Wzg6HpmY

NYTT OM OG FOR TILSETTE:

PRIS TIL RANDI MYKLEBUST

Førsteamanuensis Randi Myklebust ved AHL har fått tildelt Anne Hvenekilde-prisen på den nasjonale forskerkonferansen for norsk som andrespråk.

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/randi-myklebust-tildelt-anne-hvenekilde-prisen-2018>

TILDELING AV PROFESSORSTIPEND

Forskningsutvalet har tildelt treårige professorstipend til følgjande tilsette: Jonas Gamborg Lillebø (AHL), Helga Synnevåg Løvoll (AKF) og Wenke Mork Rogne (AHL). Forskningsutvalet vil før neste utlysing av professor-/dosentstipend sjå nærare på kriteria for tildeling av stipend på grunnlag av søknader om dosentstipend og på kunstnarleg grunnlag. Det var i alt sju stipendsøkjjarar i denne runden. I alt ti tilsette har fått slike stipend sidan ordninga starta i 2014 og to har oppnådd professorkompetanse. Her er oversyn over alle mottakarar av professor-/dosentstipend:

<https://www.hivolda.no/forskning/stotteordningar/professor-dosentstipend-0>

ÅRETS JULEBORD BLIR HALDE FREDAG 7. DESEMBER

Sett av datoen fredag 7. desember alt no. Då blir årets julebord for HVO-tilsette halde på Berte Kanuttehuset. På julebordet vil også årets pris for utdanningskvalitet bli delt ut. Det er AMF som er arrangør, og e-post med invitasjon og påmelding blir sendt ut i november.

NY KOMMUNIKASJONSSJEF OG BIBLIOTEKSJEF

Mona Iren Auganæs har teke i mot stillinga som ny biblioteksjef ved Høgskulen i Volda. Auganæs kjem frå stillinga som biblioteksjef i Ulsteinvik og tek til på Høgskulen i Volda 26. november 2018.

Line Lauvsnes Oddekalv har teke i mot stillinga som ny kommunikasjonssjef ved Høgskulen i Volda.

Oddekalv kjem frå stillinga som kommunikasjonssjef i Elkjøp og tek til på Høgskulen i Volda 14. januar 2019.

KALENDEREN:

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018 OG 2019

Hausten 2018

22.-23.10. Styreseminar på Hotell Ivar Aasen - styremøte 6/2018 (på Høgskulen):

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

24.10. Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal held møte på HVO:

<https://mrfylke.no/Politikk/Politiske-organ/Kultur-og-folkehelseutvalet>

31.10.-1.11. Utdanningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>

1.-2.11. Barnehagekonferansen 2018, Ålesund: <https://www.hivolda.no/barnehagekonferansen-more-og-romsdal>

7.11. Fagdag om eteforstyrningar: <https://www.hivolda.no/fagdag/spiseforstyrningar>

8.-11.11. Fellesadministrasjonen på reise til London
30.11.-7.12.: Rektorval <https://www.hivolda.no/val>
6.12. Styremøte 7/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
7.12. Julebord og utdeling av pris for kvalitet i utdanninga. Arr: AMF.

Viktige datoar i 2019

6.2.2019: Internasjonal dag
10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning)
19.-20.6.2019: Evt Fjordkonferansen 2019 (Tentativ dato)
20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)
20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:
https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

Det er utlyst tre stipendiatstillingar: To i tilknytning til lærarutdanning og ei på fagområdet kulturmøte.

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

16.10.2018: Tidleg innsats i barnehage og skule - på norsk

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/10/16/tidleg-innsats-i-skule-og-barnehage-pa-norsk/>

12.10.2018: Trippelmarkering på sommaravslutninga 20. juni 2019.

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/10/12/trippelmarkering-pa-sommaravslutninga-20-juni-2019/>

9.10.2018: Statsbudsjettet 2019 - Langtisplanen 2019-2028

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/10/12/trippelmarkering-pa-sommaravslutninga-20-juni-2019/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>